



Arkivnr: 2015/784-2
Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.02.2015
Fylkesutvalet		18.02.2015

Tour des Fjords - tilskot til planlegging og gjennomføring i 2015

Samandrag

Tour des Fjords AS søkte i brev datert 4.10.2014 om eit årleg tilskot på kr 1 mill. til planlegging og gjennomføring av Tour des Fjord i perioden 2015-17. Fylkestinget 9.-10. desember 2014 vedtok å løyve kr 70.000 til arrangementet for 2015.

20.1.2015 sendte Tour des Fjords AS ein ny søknad om ei ekstraløyving på kr 430.000 i tilskot for 2015. Bergen Kommune har løyvd kr 500.000 for 2015, og lagt inn tilskot på kr 750.000 for 2016 i sine planar, med ein føresetnad om at Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har «koordinerte forpliktelser». Kvam kommune har løyvd kr 150.000 og Ulvik kommune kr 250.000 til arrangementet for 2015. Desse summene vert truleg bytta om pga. endring i opprinnelege løypeplanar. Det vert ny sak i begge heradstyra i februar. Hardangerrådet har vedteke å bidra med kr 400.000 pr. år for perioden 2015-2017, for å få kontinuitet i at løypene vert lagt i fleire av Hardangerkommunane kvart år. Stord, i samarbeid med lokalt næringsliv, bidreg med kr 300.000. Totalbudsjettet er på kr 16 mill.

Tour des Fjords AS vart arrangert første gong i 2013 i Rogaland og vart utvida til Hordaland i 2014. Tour des Fjords legg opp til arrangement for barn og andre kulturaktivitetar knytt til løypa for å tilretteleggje for ein brei folkefest. Gjennom medieavtalar vil folkefesten få sendetid i TV2 hovudkanal/ sportskanal og Eurosport til 65 land kvar dag under arrangementet.

Slik er etappane fordelte i 2015;

- 1. etappe:** 27. mai Bergen - Norheimsund, 177 km
- 2. etappe:** 28. mai Ulvik - Haugesund, 205 km
- 3. etappe:** 29. mai Stord - Sauda, 166 km
- 4. etappe:** 30. mai Stavanger - Sandnes, 177 km
- 5. etappe:** 31. mai Hinna Park - Stavanger, 186 km

Arrangementet vert sett i samanheng med planlegging og gjennomføring av sykkel VM i 2017. Det lokale sykkelmiljøet i Hordaland skal frå 2015 knytast sterkare til utviklinga og gjennomføringa av Tour des Fjords og såleis tileigne seg nyttig arrangementskompetanse. Involvering av eit breitt organisasjonsliv er viktig for å kunne utnytte synergieffektar for t.d. folkehelsa og reiselivet.

I PREMISS KULTUR: Regional kulturplan 2015-2025 står det; *Store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap skapar stort engasjementet, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet. Sykkel VM 2017 i Bergen vil bidra til utvikling av sykkelporten i heile fylket og gi frivillige frå mange idrettar nyttig arrangementskompetanse og inspirasjon til vidare engasjement.*

På bakgrunn av ny søknad med informasjon om vedtak om løyvingar frå andre kommunar og råd, ber fylkesrådmannen fylkesutvalet vurdere om fylkeskommunen skal støtte Tour des Fjords AS ut over dei kr 70.000 som vart løyvd i fylkestinget 9.-10. desember 2014, og om kor stor sum fylkeskommunen ev. bør løyve. Om fylkesutvalet støttar Tour des Fjords AS sin søknad, vert det foreslått at løyvinga dekkast frå tilleggsløyvingskontoen til fylkesutvalet.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune løyver kr til gjennomføring av Tour des Fjords 2015.

Budsjettet vert endra slik;

Konto 10.400.420.00.14700 Tilskot til idrettsprosjekt aukar med kr

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.01.2015

Bakgrunn

I PREMISS KULTUR: Regional kulturplan 2015-2025 står det; *Store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap skapar stort engasjementet, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet. Sykkel VM 2017 i Bergen vil bidra til utvikling av sykkelporten i heile fylket og gi frivillige frå mange idrettar nyttig arrangementskompetanse og inspirasjon til vidare engasjement.*

Dette vert understøtta av statleg idrettspolitik. I Meld. St. 26 Den norske idrettsmodellen vert det peika på at store meisterskap er ei kjelde til store idretts-, kultur- og fellesskapsopplevingar, både for utøvar og publikum. Det har også tyding for rekruttering til- og utvikling av ein frivilligheitskultur som idretten er avhengig av. Stortingsmeldinga viser også til at store meisterskap har verknad for næringsutvikling både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Sykkel er ein av verdas mest populære idrettar. Fylkestinget vedtok 11.06.13 å løyve kr 15 mill. til sykkel VM i 2017. Tour des Fjords vert sett i samanheng med arbeidet med å planlegge og gjennomføre sykkel VM i 2017. Samarbeidet vil vere verdifullt både i høve til marknadsføring og kompetanseutvikling. I 2014 løyvde fylkesutvalet kr 250.000 til gjennomføring av Tour des Fjords.

For 2015 søkte Tour des Fjords AS i brev datert 4.10.2014 om eit årleg tilskot på kr 1 mill. til planlegging og gjennomføring av Tour des Fjord i perioden 2015-17. Fylkestinget 9.-10. desember 2014 vedtok å løyve kr 70.000 til arrangementet for 2015.

20.1.2015 sendte Tour des Fjords AS ein ny søknad om ei ekstraløyving på kr 430.000 i tilskot for 2015. Bergen Kommune har løyvd kr 500.000 for 2015, og lagt inn tilskot på kr 750.000 for 2016 i sine planar, med ein føresetnad om at Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har «koordinerte forpliktelser». Kvam kommune har løyvd kr 150.000 og Ulvik kommune kr 250.000 til arrangementet for 2015. Desse summene vert truleg bytta om pga. endring i opprinnelege løypeplanar. Det vert ny sak i begge heradstyra i februar. Hardangerrådet har vedteke å bidra med kr 400.000 pr. år for perioden 2015-2017 for å få kontinuitet i at løypene vert lagt i fleire av Hardangerkommunane kvar år. Stord Kommune, saman med lokalt næringsliv, bidreg med kr 300.000. Totalbudsjettet er på kr 16 mill.

Tour des Fjords AS er eigd av Stavanger Sykle Klubb (50%) og Nordsjørittet (50%). Sykkelrittet vart arrangert første gong i 2013 i Rogaland. Tour des Fjords er ei vidareføring og utviding av Rogaland Grand Prix, som vart arrangert frå 2008. Tour des Fjords legg opp til arrangement for barn og andre kulturaktivitetar knytt til løypa for å tilretteleggje for ein brei folkefest. Gjennom medieavtalar vil folkefesten få sendetid i TV2 hovudkanal/ sportskanal og Eurosport kvar dag under arrangementet.

Tour des Fjords legg opp til turritt *Tour des Fjords Classic* og eigne arrangement for barn *Tour des Fjords Barneløp* knytt til arrangementa. Det er også langt opp til andre kulturaktivitetar og underhaldning knytt til løypa for å tilretteleggje for ein brei folkefest. Dette vil gje flotte bilete frå regionen som kan nyttast etter arrangementet til marknadsføring av fylket. Gjennom medieavtalar vil arrangementet få sendetid i TV2 hovudkanal/ sportskanal og i Eurosport 2 til 65 land kvar dag under arrangementet.

Slik er etappene fordelt i 2015;

1. **etappe:** 27. mai Bergen - Norheimsund, 177 km
2. **etappe:** 28. mai Ulvik - Haugesund, 205 km
3. **etappe:** 29. mai Stord - Sauda, 166 km
4. **etappe:** 30. mai Stavanger - Sandnes, 177 km
5. **etappe:** 31. mai Hinna Park - Stavanger, 186 km

Vurdering

Arrangementet vert sett i samanheng planlegging og gjennomføring av sykkel VM i 2017. Det lokale sykkelmiljøet i Hordaland skal frå 2015 knytast sterkare til utviklinga og gjennomføringa av Tour des Fjords og såleis tileigne seg nyttig arrangementskompetanse. Involvering av eit breitt organisasjonsliv er viktig for å kunne utnytte synergieffektar for t.d. folkehelsa og reiselivet. Arbeid med «sykkel VM kvar dag» for å auke bruk av sykkel til rekreasjon, trening og framkomstmiddel, er forankra i Regional kulturplan (2015-2025) og i Klimaplan for Hordaland (2014-2030).

På bakgrunn av ny søknad med informasjon om vedtak om løyvingar frå andre kommunar og råd, ber fylkesrådmannen fylkesutvalet vurdere om fylkeskommunen skal støtte Tour des Fjords AS ut over dei kr 70.000 som vart løyvd i fylkestinget 9.-10. desember 2014, og om kor stor sum fylkeskommunen ev. bør løyve. Om fylkesutvalet støttar Tour des Fjords AS sin søknad, innstiller fylkesrådmannen på at løyvinga vert dekkja frå tilleggsloøyvingskontoen til fylkesutvalet.